

# Velkomen til velkomendrykk og omvisning fredag 5. nov. kl. 19.00 i Glashytta på Bygland



## Velkomen

På Bygland midt i Setesdalen ligg Glashytta i Setesdal. Vi har blåst glas på Bygland sidan våren 2000. Her kan du oppleve eit unikt handverk. Det flytande glaset blir forma og blåst av dyktige handverkarar. I utsalet kan du sjå bruksting og unika. Glashytta ligg flott til ved fjorden. Velkomen til Glashytta i Setesdal!

## Teknikk

Vi blåser på frihand, dvs. blåser glas utan hjelp av maskiner og former. Alt glas vert blåst og forma på augemål. Dette er måten glas har blitt forma på i fleire hundre år. Vårt utval av glas er frå vinglas i ulike storleikar, ljosestakar, bollar, vasar og fat. Vi lagar også glas på bestilling, dvs. firmagåver, premiar og til privat bruk. Ved bruk av fargar, gravering og sandblåsing, er moglegheitane mange. Våre glas kan ein samle på over tid.

## Dei som blåser og gjev form:



**Inger Tone Homme (1970-)**

Alt som 14-åring vart eg fascinert av glas. Det var flytande masse, vakre fargar og varmen! Fyrste gong eg fekk nærkontakt med glas, var på glasskulen i Kosta-Sverige. Då visste eg det var glas eg skulle arbeide med. Eg har opplevd og lært mykje, for glaset har gjeve meg eit liv på flyttfot. No kan eg saman med Tor Birger blåse glas på Bygland. Draumen har blitt verkeleg.



**Tor Birger Egge (1964-)**

Eg tok til som 15-åring ved Hadeland Glassverk. Der byrja eg som læregut og arbeidde gradane opp til meister. Eg har vore med på utvikling av produkt i nært samarbeid med designarar. Har også arbeidd med kunstglas/unika. Etter 19 år ved glasverket, slutta eg for å starte glashytte på Bygland saman med Inger Tone.



## Verkstaden

Glasomnen er hjarta i glashytta. Omnen er alltid varm. Arbeidstemperaturen er 1170 grader. Vi bruker elektrisitet som oppvarming. Temperaturen vil vere konstant i 1-2 år. Omnen blir då skrudd av nokre veker for ettersyn. Glasmassen kan minne om sirup i konsistens. Smelting av glas skjer om natta, smeltetemperatur er då opp til 1300 grader. Glaset er ferdig smelta morgonen etter. Arbeidsprosessen og samarbeidet må vere planlagt før ein set i gang.

Ein utviklar rutinar og eit kroppsspråk slik at ord vert unødvendige. Det handlar om å gjere nytte av tyngdekrafta og sentrifugalkrafta, mange års erfaring og følelse er viktig for å arbeide med glasmassen. Når eit glas er ferdig blåst, må det inn i avspenningsomnen som held ein temperatur på 470 grader. Der må det stå for sakte avkjøling til dagen etter. Varmen i hytta er intens! Her har vi sommartemperatur året rundt. Tross mange varme ting, vert det få brannår.

(Henta frå heimesida [www.glashytta.no](http://www.glashytta.no))